



STORTINGET

Innst. 499 S

(2024–2025)

Innstilling til Stortinget
fra finanskomiteen

Meld. St. 3 (2024–2025)

Innstilling fra finanskomiteen om Statsrekneskapen 2024

Til Stortinget

Sammendrag

Meldinga omfattar statsrekneskapen med ein løyvingerekneskap og ein kapitalrekneskap. Løyvingerekneskapen syner samla løyving og rekneskap for kvar post i statsbudsjettet. Under utgiftspostane ser ein òg overført løyving frå 2023 til 2024 og overført løyving frå 2024 til 2025. Kapitalrekneskapen syner statens eigedelar, gjeld og eigenkapital. Meldinga inneheld òg oversyn over rekneskapen for Svalbard, statens garanti-ansvar, tilsegns- og bestillingsfullmakter og oversyn over aksjar som staten eig. Det er lagt vekt på å forklare avvik mellom budsjett og rekneskap for 2024. Budsjettutviklinga gjennom 2024 fram til nysalderinga er nærare omtalt i Prop. 36 S (2024–2025) Ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Det oljekorrigerte budsjettunderskotet vart i nysaldert budsjett anslått til 346,5 mrd. kroner. Det var ein auke på 10,0 mrd. kroner frå budsjettet vart vedteke i desember 2023. Etter dette har underskotet minka med 14,7 mrd. kroner frå nysaldert budsjett til 331,7 mrd. kroner i rekneskapen. Det kjem i hovudsak av høgare skatteinntekter enn anslått, medan samla utgifter vart noko lågare enn venta. Statsrekneskapen vart difor gjort opp med eit overskot på 14,7 mrd. kroner.

For 2024 syner Statens pensjonsfond eit overskot på 777,8 mrd. kroner. Til saman vert statsrekneskapen og

Statens pensjonsfond gjorde opp med eit overskot på 792,6 mrd. kroner i 2024.

Rekneskapen og denne meldinga speglar statens ut- og innbetalingar og balanse til og med 31. desember 2024, i tråd med prinsippa for føring av statsrekneskapen, sjå kapittel 4.4 i meldinga.

Kapittel 1 gjer greie for hovudelementa i statsrekneskapen og budsjettpolitikken. Dette omfattar mellom anna bruken av petroleumsinntekter, veksten i statsutgiftene og statens skatte- og avgiftsinntekter frå Fastlands-Noreg og frå petroleumsverksemda. Lånetransaksjonar og finansieringsbehov vert òg omtalt. Kapittel 2 tek føre seg programområda til departementa kvar for seg. I kapittel 3 er rekneskapen til Statens pensjonsfond omtalt, og i kapittel 4 er det gjort greie for statens balanse og finanspostar og garantiar.

Ein viser til meldinga for nærare omtale.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eigil Knutsen, lederen Tuva Moflag, Ramani Nordli, Bjørnar Skjæran, Maria Aasen-Svensrud og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Tina Bru, Mahmoud Farahmand, Helge Orten og Eirik Lae Solberg, fra Senterpartiet, Emilie Mehl, Ole André Myhrvold og Geir Pollestad, fra Fremskrittspartiet, Hans Andreas Limi og Roy Steffensen, fra Sosialistisk Venstreparti, Andreas Sjalg Unneland, fra Rødt, Marie Sneve Martinussen, fra Venstre, Ane Breivik, fra Miljøpartiet De Grønne, Sigrid Zurbuchen Heiberg, og fra Kristelig Folke-

parti, Kjell Ingolf Ropstad, tar omtalen til orientering og viser for øvrig til Dokument 1 fra Riksrevisjonen, som blir behandlet i kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti viser til at bevilgningen under Arbeids- og inkluderingsdepartementet på kap. 634 post 76 er overskredet med 315,3 mill. kroner uten at Stortinget har gitt fullmakt til at bevilgningen kan overskrides. Disse medlemmer legger til grunn at Riksrevisjonen undersøker saken, og viser til bevilgningsreglementet § 5 andre ledd første setning: «Utgiftsbevilgninger kan

ikke overskrides eller brukes til andre formål enn forutsatt av Stortinget».

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes en samlet komité.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Meld. St. 3 (2024–2025) – Statsrekneskapen 2024 – vedlegges protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 27. mai 2025

Tuva Moflag

leder og ordfører